



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 23/26053-30
Saksbehandler Vjosa Larsen-Ademi

Utvalg	Møtedato
Fylkestinget	25.02.2025

Interpellasjon fra representanten Margit Dale (Sp) - Fråvær ved køyretimar for elevar i vidaregåande skule

Fylkesordfører,

Elevane ved dei vidaregåande skulane får fråvær når dei har køyretimar i skuletida. Det er få tilgjengelege køyretimar utanom skuletida. Det er ein kamp om å få dei som er på kveldstid og ofte er det ikkje mogleg å få til. For å få førarkortet må difor elevane ha køyretimar som gjer at dei får fråvær. I mange fag er det få timar som skal til før dei når fråværgrensa. Dette er ein stressfaktor for elevane og gjer situasjonen vanskeleg for dei.

Eg tok opp denne problemstillinga i 2021. Resultatet av dette var at det skulle sendast ein uttale til Kunnskapsdepartementet frå hovudutval for utdanning.

Korleis er stoda for dette no? Er det noko fylkeskommunen kan gjere for å løyse utfordringa for elevane? Kan ein eventuelt ha lokale ordningar i Agder for å betre situasjonen?

Senterpartiet v/ Margit Dale